



Konsertrute/stoveturné:

EIGEN PRODUKSJON

Hardingtonar planlegger ein eigen produksjon i 2017. Me har avtale med regissør, Maike Flick, og muskar, Anne Cathrine Eiken, som vil utvikla og vera prosjektleiarar for denne produksjonen på oppdrag frå Hardingtonar.

Eigenproduksjonen som Hardingtonar satsar på i 2017 vert eit ledd i å fornya festivalen sin vidare profil til beste for publikum.

Det krev ekstra ressursar når festivalen går inn for å laga eigne produksjonar til festivalprogrammet. Difor søkjer me om eigne midlar til denne spesielle stoveturnéen.

PROSJEKTSKISSE

Konsertprosjektet går ut på å senda publikum frå stove til stove for å oppleve små konsertar på kvar stad. Stovene, som er i private heimar, vil liggje i gangavstand frå kvarandre, men likevel med sopass avstand at det også vert ein frisk søndagstur mellom arenaene.

Målet er å få kome inn i 5 stover og oppleve ein ny konsert på kvar plass.

Publikum vil bli sendt ut i 3 – 5 pulje. Max antal i kvar pulje vil avhenge av kor mange det er plass til i stovene. Men ca. 30 i kvar pulje er kanskje realistisk.

På denne måten vil muskarane få spela sine konsertar fleire gonger.

Kvar konsert vil vare i ca. 20 min.

For å gjera konseptet ekstra spanande og interessant for muskarane og for publikum vil utgangspunktet for konsertane vera eit dikt, et bilde eller ein anna musikalsk rød tråd.

Prosjektleiarane har her eit spesielt ansvar for å planleggja og regisse den røde tråden.

Det vert lagt opp til lett servering av drikke. Målet er også å leggje inn ei overrasking med ein kulinarisk godbit eller ei anna overrasking undervegs.

STOVEVERTAR

Prosjektleiarane har gjort litt forarbeid for å finna ut om me har interesserte stovevertar til prosjektet, og dei har til no fått positive tilbakemeldingar frå to vertar.

Berit K Sandven, Sandvenhagen 30, 5600 Norheimsund

Beate Gauden, Vikøyvegen, 5600 Norheimsund

Dei har vore i kontakt med fleire som er entusiastiske og som me ventar svar frå.

MUSIKARAR

Me ser for oss at det vil til saman vera ca. 10 artistar involvert i dette stoveprosjektet.

Det er pr. i dag gjort munnlege intensjonsavtalar med eit par aktuelle muskarar.

Det er:

Pianisten Frode Skag Storheim

Vokalgruppa TAUS.

CVen deira ligg i vedlegga.

MARKNADSFØRING

Hardingtonar vil sjølvsgt marknadsføra dette inn i det vanlege programheftet og i annonseringane og på nettsider og på facebook.

MEN i tillegg må det til dette prosjektet lagast ei eige trykksak med kart og løypeforklaring, samt informasjon om konsertprogrammet og artistane.

TID og STAD

Sundag 11. juni 2017 i Norheimsund.